



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.

0030 OSLO

Vår ref.

19/90/FA-K 47
Rovvilt/TORK/97515319

Dykkar ref.

Dato:

26.09.2019

Høyring - endring av rovviltforvaltninga - uttale frå rovviltutvalet i Norddal kommune

Rovviltutvalet viser til endringar av rovviltforvaltninga. Vi gjer merksam på at Norddal kommune er medlem av USS som har avgitt eigen uttale.

Det har også vore møte med aktuelle kommunar med Fylkesmannen. På møtet vart spørsmålet om forvaltningsregionar det mest aktuelle temaet.

Forvaltningsregionane følger i dag nye og gamle fylkesgrenser og tek lite omsyn til jerven sine leveområde. Norddal kommune tilhøyrer i dag viltregion 6 og har etter forslaget blitt plassert i region Vestlandet.

Dette er unaturleg og kunstig da mykje av jerven i vårt område vandrer mellom region 3 og region 6. Jerven har lite forståing for menneskeskapte fylkesgrenser.

Rovviltutvalet i Norddal kommune vil difor oppmode om at forvaltningsregionane blir etablerte etter jerven sine leveområde for å få ei best mogleg samordning av forvaltninga. Dette betyr at etablering av ein region aust/vest (region 6 og 3) er den mest naturlege forvaltningsregionen for Norddal kommune.

Med helsing


Jarle Hauge

leiar rovviltutvalet


Toralv Klokkehaug

næringssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Postadr.:

Postboks 144
6211 Valldal

E post/heimeside

post@norddal.kommune.no
www.norddal.kommune.no

Telefon/telefaks

70 25 88 00
70 25 88 01

Bankgiro:

4212 23 27668

Organisasjonsnr.

939 396 268